



Årdal kommune
Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 27.05.2020

Møtetid:

Kl. 10.00 - 12.30

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.:

Følgjande medlem møte
Ida Thune
Oddgeir Øren
Odveig Borlaug
Steinar Drægri

Forfall meldt frå følgjande medl.	Følgjande varamedlem møte
Odd Øvregard	

Møteleiar:	Steinar Drægri
Frå adm. møte:	Møtesekretær: Lene Risløw
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Kari Sofie Vee deltok i starten av møtet.

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
006/20	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
007/20	Årdal eldreråds budsjett
008/20	Søknad "Den kulturelle spaserstokken 2021"
009/20	Kartlegge egne lokalsamfunn
010/20	Digital konferanser i samarbeid med RMNF i Vestland og Eldrerådet i Vestland

006/20: Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

27.05.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Dette må vedtas i neste møte.

ÅER- 006/20 Vedtak:

Dette må vedtakast i neste møte.

007/20: Årdal eldreråds budsjett

27.05.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Rådet diskuterte vidare kva me kunne nytta desse pengane til i år, med korona pandemien.

Der kom forslag om ein mobil kunstutstilling, har vore i kontakt med Anne Karin Bjørkum ang å få i stand dette.

Eldrerådet vil oppfordra lokale musikkarar til å avtale pop-up konsertar rundt om på institusjonane rundt om i kommunen i samarbeid med institusjonsleiinga.

Der er og eit lite håp om at Eldredagen (markeringa av den internasjonale dagen for eldre) 2020 kan arrangerast og startar planlegginga mot det formålet.

Eventuelle restmidlar ynskje eldrerådet overført til 2021.

ÅER- 007/20 Vedtak:

Eldrerådet skal bli betre på å få fakturaer merka Spaserstokk og sendt til kommunen.

Eldrerådet startar arbeidet med å få ein mobil kunstutstilling til institusjonane.

Eldrerådet ser nærare på å oppfordra til pop-up konsertar i samarbeid med institusjonsleiinga.

Eldrerådet byrjar å planlegge for Eldredagen 2020

Samrøystes vedteke.

008/20: Søknad "Den kulturelle spaserstokken 2021"

27.05.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Eldrerådet diskuterte moglege kulturelle innslag for å komma fram til eit beløp å søkja om.

Eldrerådet har bestemt å søkja om å få midlar til 5 forskjellige program som til saman vil bli 13 forskjellige arrangement fordelt på institusjonane i kommunen og eit stort felles arrangement (eldredagen 2021)

Eldrerådet jobbar med å innhente opplysningar slik at søknaden kan bli sendt i tide, då søknadsfrist er 2. prinsedag (1. juni)

ÅER- 008/20 Vedtak:

Eldrerådet søker midlar frå Den kulturelle spaserstokken 2021.

Samrøystes vedteke

009/20: Kartlegge egne lokalsamfunn

27.05.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Eldrerådets sekretær har vidaresendt mail til leiar i rådet. Må bli eigne saker i neste møte, fekk ikkje tid på dette møtet.

ÅER- 009/20 Vedtak:

Sak på neste ordinære møte.

010/20: Digital konferanser i samarbeid med RMNF i Vestland og Eldrerådet i Vestland

27.05.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Møtesekretær sende mail om denne konferansen, men skal sende til resten av Eldrerådet og Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Faste medlemmar, varamedlemmar og politiske representantar.

ÅER- 010/20 Vedtak:

Møtesekretær sende ut invitasjon til faste medlemmar, varamedlemmar og politiske representantar til Eldrerådet og Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Samrøystes vedteke